



Foto: Kristian Olav Bringedal

Uskedal utvikling har sitt fyrste opne møte for hausthalvåret onsdag i neste veke - 4. september kl. 19 i Gamleskulen. Tema er sentrumsplan / områdeplan.

I revidert økonomiplan for kommunen er det løyvd 250 000 kroner til arbeidet med sentrumsplan i 2013.

Dette møtet vert eit oppstartmøte med informasjon om metodeval, organisering, avgrensingar og framdrift og Anbjørn Høivik vil møta frå planavdelinga i kommunen.

Uskedal utvikling inviterer og oppmodar alle med interesse for sentrumsutvikling om å møta fram. Det er eit viktig møte der ein legg grunnlaget for arbeidet vidare.

Styret